

Helse Bergen HF
Haukeland Universitetssjukehus
Postmottak@helse-bergen.no

Knarvik, 23. august 2018

Innspel/høyringsfråsegn til Utviklingsplan 2035, Helse Bergen HF frå Regionrådet i Nordhordland

Regionrådet i Nordhordland, samansett av ordførarane i dei ni samarbeidskommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy takkar for invitasjon til å koma med innspel til **Utviklingsplan 2035** for Helse Bergen HF, og vil på vegne av kommunane i Region Nordhordland koma med nokre innspel til planutkastet.

Slik Regionrådet ser det er Utviklingsplan 2035 for Helse Bergen HF ein god overordna plan som i stor grad støttar opp om sentrale helsepolitiske føringar. Planen skildrar på ein god måte utfordringar som helsetenesta står ovanfor, og kva grep som må gjerast for å sikra gode helsetenester fram mot 2035.

Kommunane i Region Nordhordland er på same måte som Helse Bergen opptatt av å sikra innbyggjarane tilgang til gode helsetenester - no og i framtida, og meiner at den beste strategien er å møte utfordringane i lag - som eit samla helsevesen. Helsetilboda påverkar kvarandre på tvers av nivåa og må sjåast i samanheng for at ressursane samla sett skal kunna nyttast mest mogeleg effektivt til det beste for innbyggjarane.

Liggedøger i sjukehuset skal reduserast, poliklinisk aktivitet skal aukast og bruk av ny teknologi skal gjera det mogeleg å gje spesialisert oppfølging og behandling i heimen. Dette vil føra til at kommunane får ansvar for ein større del av helsetenestene og vil innebera auka behov for kommunale helse- og omsorgstenester. I mange tilfelle vil dette gje pasientane eit betre tilbod, men ikkje utan at kommunane er førebudd på å ta desse oppgåvene. Kommunane forutset at endringar skal skje gjennom dialog, likeverdig samarbeid og gode prosessar som synleggjer behovet for finansiering og kompetanse ved overføring av nye oppgåver til kommunane. Regionrådet utfordrar Helse Bergen til å bli meir konkret om korleis endra ansvars- og oppgåvedeling mellom nivåa skal avklarast.

Regionrådet støttar tiltak i utviklingsplanen om å evaluera og vidareutvikla samhandlingsarbeidet, og er samd i at samhandlingsstrukturen må styrkast og tilpassast behovet for eit strategisk samarbeid om planlegging og kapasitetsutvikling på tvers av forvaltningsnivåa. Dette ser ein som nødvendig for å sikra ein felles utviklingsretning for helsetenesta.

Regionrådet i Nordhordland vil støtta opp om planarbeidet og vil bidra til at kommunar og helseføretak har eit godt samarbeid for å sikra innbyggjarane sin tryggleik og at dei får rask og kompetent hjelp når dei treng det.

Med venleg helsing



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Sakshandsamar: Anne Hildegunn Færøy